



## REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE – KLEPPE SKULE Onsdag 05.02.20 Kl. 17.30-19.30

Tilstade: Jan-Arild Anda (FAU), Simon Giæver (FAU), Inghild Versland (FAU), Margareth S Roba (Pedagogisk personal), Margrete Fuglestad (pedagogisk personal), Sissel Håland (anna personal), Ingeborg Stubhaug Braut (Elevrepresentant), Einar Erga (Barn og Unge) og Sylvia Gjersdal (rektor)

Forfall: Inghild Versland (FAU)

Endringar: Sissel Håland har gått fast inn for Elin Eskedal (andre tilsette) og Simon Giæver har gått fast inn for Torill Bøylestad (FAU)

### SAKLISTE

#### **Sak 13/19-20 Godkjenning av referatet frå 20.11.19**

Referatet var godkjent.

#### **Sak 14/19-20 Elevundersøkinga 19/20**

Presentasjon av resultat og korleis vi arbeider vidare med denne internt. Elevane på Kleppe rapporterer at dei trives godt på skulen.

#### **Sak 15/19-20 Foreldreundersøkinga 19/20**

Presentasjon av resultat og korleis vi arbeider vidare med resultat internt. Foreldreundersøkinga samsvarer med inntrykket frå elevundersøkinga.

#### **Sak 16/19-20 Nasjonale prøvar 2019**

Presentasjon av resultat. I engelsk og rekning scorer vi høgt (53 og 52 poeng). I lesing er scoren 49, altså under snittet. Drøfting kring resultat.

Våre elevar på 8.trinn gjer det heilt på landssnittet, dette samsvarer med resultat dei hadde då dei gjekk på 5.trinn.

#### **Sak 17/19-20 Informasjonssaker**

- **Utbygging** – status. Byggeplaner er no godkjent og bygging startar opp i slutten av mars. Info til føresette går ut etter vinterferien. Skulen er igong med HMS-planlegging for byggeperioden.
- **Økonomi** - resultat 2019 (dersom dette føreligg) og økonomi 2020  
Resultat for 2019 føreligg ikkje enno. Som tidlegare varsla kjem skulen til å kome ut med eit stort meirforbruk. Dette skyldes i hovudsak auka utgifter til personal pga auka behov. Økonomi 2020 er i balanse, men usikkert kor mykje av underskuddet vi må ta med oss i 2020-rekneskapen.

#### **Sak 18/19-20 Aktuell info frå Elevrådet, FAU, skulen/SFO og hovudutval Barn & Unge**

Elevrådet: har arrangert Talentiade saman med Språkstasjonen, det var vellukka, eit flott arrangement. Gleder seg til aula og kantine!

FAU: Har hatt skifte av leiar, Y leiar er Simon Giæver. Jobber med «Saman om eit trygt og godt nærmiljø», refleksdemonstrasjon og lesing.

Skulen/SFO: Planlegging i forhold til utbygging er i full gong. Mykje aktivitet. Har stort sett personal på plass for neste år, kun eit par tilsettingar.

Hovudutval Barn & Unge: ikkje noko spesielt nytt.



Klepp kommune, 28.02.20

Referent  
Sylvia Gjersdal  
Rektor